

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 4 2022

Bøverdalen - Lom - Garmo

81. årgang



LOM KYRKJESKOMMUNE

Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd
Bente Sulheim Ovesen, tlf. 979 77 213
bente@ovesenpost.no

Sokneprest
Hans J. Sagrusten, tlf. 404 94 871
hans.johan.sagrusten@lom.kommune.no

Kyrkjeverje
Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær
Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar
Jonas Fjeld
Odd Gunnar Bergli
Tlf. 400 62 194
jonas.fjeld@lom.kommune.no
odd.gunnar.bergli@lom.kommune.no

Organist
Reidar Svare, tlf 900 32 601
reidar.svare@lom.kommune.no

Trusopplærar
Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
Endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta
Tlf. 970 75 397
Booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet
Konto: 2085 07 11772 (merk "kyrkjeblad")
Bladpengar pr. år:
Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 250,-
Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe
Anne Sulheim, Runa Smedsmo, soknepresten,
kyrkjelydssekretæren og kyrkjeverja

Utforming/sideoppsett
Rønnaug Nyrnes og Guri Husom

Trykk
Dale-Gudbrands Trykkeri as
Tlf. 61 27 73 50 Lasse@dg-trykk.no

Endring i distribuering av kyrkjebladet

Fram til no har det vore Innlandet Distribusjon som har lagt kyrkjebladet i postkassene våre, dei har no sagt frå seg dette. Vi har opplevd at mange ikkje får bladet i postkassa. Når dei då kontaktar kyrkjekontoret, set vi på adresselappar og sender ut blad frå kontoret. Ei litt tungvint ordning. Frå blad nr. 1 i 2023 kjem kyrkjebladet med Posten. Vi håpar no at fleire får bladet rett i postkassa. Skulle det vera nokon som ikkje gjer det, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Telefon 481 65 527
eller kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Grunna aukande porto siste åra, har Lom kyrkjelege råd vald å setja opp prisen på utanbygdes abonnement frå 200,- til 250,- kroner pr. år.



Presten sine tankar

Den viktige høgtlesinga

Den viktigaste bibellesinga i Lom er den som skjer i kyrkja, når vi høyrer på høgtlesing i lag. For det blir alltid lese høgt når vi er samla. Det blir lese bibeltekster både i messene våre, i gravferder og i vigslar. For mange er denne høgtlesinga deira einaste møte med bibeltekstene gjennom veka.

Fyrst på 100-talet e.Kr var det ein biskop som heitte Papias som skreiv slik:

«Eg tykte ikkje at eg fekk like mykje ut av bøker som det eg fekk av å høyre på ei levande stemme.»¹

Slik er det mange som har det i dag òg. Mange får ikkje så mykje ut av å lesa ei bok; dei får meir ut av å høyre på ei levande stemme. Gamle Papias sikta nok til at han hadde høyrte folk fortelja om Jesus da han var gutunge. Men orda hans gjev meining også om munnleg formidling i dag.

Nyare statistikk² syner at det er fleire som møter Bibelen gjennom høgtlesing enn gjennom personleg lesing i ei bok. Difor er høgtlesinga i kyrkja så viktig. Tekstlesingane i messa er den viktigaste formidlinga av nokre av dei største forteljingane som vi har i vår kultur: dei som vi møter i Bibelen.

Når vi høyrer på høgtlesing, formar det seg bilete inne i oss. Det er nesten som om det går ein film inni oss. Vi ser dei bibelske personane koma inn på scena og tala til oss. Det er nesten så vi kjenner vi er til stades. Det er spennande å ta seg tid til å høyre på dei gamle tekstene. Plutseleg får dei nytt liv i øyro våre.

Difor er tekstlesarane våre så viktige. Vi er heldige som har mange tekstlesarar i kyrkjene våre. Dei brukar si eiga stemme og sin eigen personlegdom når dei formidlar tekstene til oss. Slik hjelper dei oss andre å få del i den budskapen som tekstene formidlar. Vi er svært takksame for tekstlesarane våre. Høgtlesinga er spesielt viktig for nokre av oss. Så mange som 30 prosent av oss tykkjer det er vanskeleg å lesa ei lang tekst, som ein roman eller ei bibeltekst. Så mange er det som har lese-

og skrivevanskar, konsentrasjonsvanskar eller synsvanskar, eller som har norsk som andrespråk.

Det vil seia at tre av ti i ei skuleklasse tykkjer det er vanskeleg å lesa lange tekster, eller tre av ti på ein arbeidsplass, eller 660 av 2200 lomverar. Det er inga skam å synest at lesing er vanskeleg, det er tvert imot svært vanleg. For alle desse er det lettare å høyre på høgtlesing enn å lesa i ei bok. Talet 30 prosent har vi fått frå foreininga «Leser søker bok»³. Denne foreininga gjev råd til alle som arbeider med å gjera bøker lettare å lesa. Foreininga har vore med og gjeve råd i arbeidet til Bibelselskapet, der eg har arbeidd i mange år. Det har vore nyttig å lære kva som gjer ei tekst lettare å lesa.

I ei lettlesen bibeltekst er språket lettare å lesa. Innhaldet er det same, men setningane er stuttare, og ein brukar ikkje så mange lange ord. Kva skjer med teksta når setningane blir stuttare? Eg opplever at teksta berre blir sterkare og tydelegare. Mange bibelord talar klårare når vi les dei på lettlesen norsk.

På same måte talar tekstene tydelegare til oss når vi høyrer ei levande stemme som les. Slik går det ei line frå 100-talet til i dag: Den munnlege formidlinga av budskapen om Jesus er framleis viktig. Høgtlesinga er stadig vår viktigaste formidling av trua. Så kom til kyrkja og høyr dei flinke tekstlesarane våre!

¹ Eusebius: Hist. Eccl. 3.39.4

² En undersøkelse av nordmenns bibelbruk, KIFO 2017

³ www.lesersokerbok.no



Sokneprest Hans Johan Sagrusten

Førjul på prestegarden i Lom

Av: Anne Sulheim



«Julaftens Morgen mødte alle Husmændene frem for at hugge Ved til Helgen. Det var gammel Skik at yde dette frivillige Arbeide. Naar de var færdige og Veden stablet op under Kakkellovne og langs Væggene paa den store Gang, blev de kaldt ind til Bævertning og Taksigelse.»

Her fortel Elise Aubert frå tida ho budde på prestegarden i Lom. Faren, Julius Aars, var prest i Lom frå 1851 til 1862. I boka «Fra de gamle Prestegaarde» skildrar ho livet i barndomsheimen sin slik ho hugsar det. Her skal vi sjå på noko av det ho fortel om tida før jul.

«Fra November til Jul havde vi tre store Slagtninger paa Prestegaarden, 20 Sauer, 5 Naut og 5 Griser. Griseslagtningen kom sidst. Slagtningerne krævede mange Forberedelser. Alle Gryder, Kjedler, Trauge, Kar og Baljer maatte være enerlaugede, alle Økse og Knive «kvæssede», alle Krydderier stødte, Pølsepinderne spikkede og alle Ingredienser forresten indkjøbt, saa at intet skulde staa fast, naar Travelhedens Malstrøm endelig overskyllede os.»

På prestegarden hadde dei «Husjomfru» frå Kristiania. Ho kunne komme med «Forslag om Reformer». - «Hun ved, der skal være Skind på Pølsen, men Indmaten har hun ikke Greie paa, bemærkede de spydige Tejenestefolka» skriv Elise med tru på lomveren. «Men her var ikke Tid til Snak, for her stod Lars Husbondskarl med Øks og Slagterkniv, og Ophugningen skulde begynde. ... Hvor mange Steger? Hvor meget ferskt Kjød? Hvor store Stykker paa Saltebaljen?» Elise fortel om alt frå nedskjæring til ferdige rullar, pølser av alle slag og kjøtboller. Ho kommenterer: «Kjødkvænnen havde endnu ikkje fundet Vei opigjennem Dalene, saa to Kvindfolk brugte hele Dagen Hakkekniven.»

Vidare skriv ho: «Om Høsten forøgedes Dyreflokken med de mange «Offersauene», som kom tilgaards. Prestens «Tiende» udgjordes dels af Korn, dels af sau.» På den tida var tiende ein del av løna til Presten, men kunne vera hard å betale for dei fattige.

Hausten var ei travel tid. «Nu skulde ogsaa Sauene lauges og klippes, og Ulden spindes, saa at Vævestolene kunde sættes i gang, før Solen gjemte sig bag Fjeldene, og Dagene blev altfor korte. Paa Prestegaarden gik nemlig alle, baade Tjenere og Herskab, i hjemmevævede og hjemmesyede Klæder. ... Naar Tøjerne var færdige, kom der Sypige og Skrædder tilgaards, for at alle kunde fremstaa flunkende nye til Julen.»

«Naar det led indmot Jul, naaede Travelheden paa Prestegaarden sit Toppunkt. ... Maltet var nu «grodd» og færdigt til Brygning. Talgen var hakket og smeltet til Lysestøbningen. ... Sidt af alle de store Arbeider kom Bagningen. Smaakager, Fattigmand og Goro, Brød, Julekage og Vørtekage maatte alt sammen være ferskt til Julebordet. ... Bakningen maatte aldrig foregaa paa Solhvervsdagen, thi da vilde den ikke lykkes.» Elise fortel vidare: «Jeg husker, hvilket Opstyr det vakte, da den første Komfur kom til Prestegaarden og blev muret op ved Siden af Peisen. Skarer af Nysgjerrige beleirede Kjøkkenet for at tage den merkverdige «Kop» i Øiensyn, og Kritiken var knusende. ... Bagerovn og Peis, det var andre Greier! ... Imidlertid hævdede Komfuren sin Plads og anerkjentes som en ypperlig Indretning.»

«Noget, som gjorde Prestegaardsstellet tungvindt, var at der ikke fandtes Vand paa Gaarden. Alt Vand til Husholdning, Stald og Fjøs maatte kjøres fra Elven, og det var Dagarbeide for Hest og Gut. «Vass-Blakken» og «Vass-Ola» var en liden Stat i Staten, hvoraf hele Gaardens Velfærd afhang, og naar de

ruslede frem med det fyldte Kar, varede det ikke mange Minutter, før det igjen var tomt. Ved storvasken blev Tøiet kjørt til Elven og skyllet.» Alt arbeidet før jul kravde mykje vatn. Men til julekvelden skulle det som kunne gjerast, vera unnagjort. Likevel måtte både folk og dyr ha vatn i julehelga, så Vass-Ola og Blakken fekk nok ikkje heilt fri for arbeidet sitt.

Elise fortel: «Julaftens Eftermiddag kjørte min Far altid ud med Gaver til Syge og Fattige i Prestegaardens Nabolag. Det var en Feststund, naar han satte sig i Slæden, og vi bar ud Pakkerne med Kaffe, Sukker, Mel, Gryn, Kjød og Flesk.»

Sjølve julekvelden skildrar ho slik: «Naar Ludefisken og Grynvellingen om Aftenen var fortæret, kom alle Tjenerne ind, gik rundt og tog i Haanden og takkede. Var de rigtig tilfredse, takkede de «for alle Matene». Vi havde i de Aar aldrig Juletræ, og Gaver kunde i den afsides Dal ikke tilveiebringes.» Elles seier Elise at det var liten «Selskabelighed» i Lom i jula. «Man havde mest Fornemmelsen af at falde til Ro efter al den foregaaende Travelhed og nyde et stille Velvære,» skriv ho.

Elise Aubert har i boka si fokus på livet på prestegarden i Lom. Kyrkja og gudstenestene skriv ho ikkje mykje om. Men i kyrkjebøkene kjem det fram at faren, presten Aars, kvart år hadde gudsteneste i «Lom kirke» 1. juledag. - 2. dag jul var det messe i «Skiager kirke», og seinare i jula i «Garmoe». Elles har presten notert både «sykebesøg» og «ligtale» i løpet av jula. – Dette var før det var bygd kyrkje i Bøverdalen, og Lom og Skjåk var framleis ein kommune og eit prestegjeld.


-- X --

Lom prestegard der Julius Aars og familien hans budde, låg der biblioteket er no. Steinfjoset, drengjestugu og storstabburet var ein del av den gamle prestegarden. Området der statuen av Olav Aukrust står, var kjøkenhage i prestegarden. Men i 1936 brann våningshuset på den gamle prestegarden ned. I 1916 hadde prestefamilien flytt inn i ein nybygd prestebustad. Den er framleis prestebustad i Lom.



Trusopplæringa

Konfirmanttur til Trondheim



Laurdag 22. oktober var det klart for ny konfirmanttur til Trondheim. Haverstad stilte med buss og ein blid og triveleg sjåfør til oss. Litt over klokka 7 om morgonen reiste vi frå kyrkjevollen med ein vaken og opplagt gjeng med 13 og 14-åringar. Sina Holø Husom var med som frivillig, og frå foreldra stilte Kjersti Eilen Stenersen og Ingrid Vassmo Sulheim. Det er støtt fint å ha med nokon som kjenner konfirmantane, da vi i kyrkja har kjent dei berre ein månads tid.

Like etter soloppgangen over Dovrefjell, dukka det opp to moskus ikkje så langt frå vegen. Eit spesielt syn for oss som ikkje hadde sett moskus før.

Det vart ei pause for sjåføren og ein matbit på alle på Berkåk, før vi køyrde vidare til "Utsikten". Ein plass som pilegrimane stoppa og tok Nidarosdomen i augesyn når dei kom gåande på ferda si mot endemålet for reisa si.



Bilete frå Utsikten

Etter avlasting av bagasje ved Nidarosdomen Pilegrimsgard, gjekk vi til Vitensenteret. Der hadde vi billett til Planetariet, som er ein 360 graders kinosal. Vi såg "Making Magic", historia om korleis visuelle effektar vert skapte for film og dataspel. Der såg vi mellom anna korleis ein dinosaur vart bygd opp. Han kom jamvel nesten inn i salen til oss!



Bilete frå Vitensenteret



Tradisjon tru var vi innom Vår Frue Kirke, og fekk høyre om arbeidet dei gjer for dei svakaste i samfunnet. Vi var heldige og fekk med oss ein liten studentkonsert på tampen.

Vi gjekk innom biblioteket og såg ruinane etter ei gamal kyrkje og deretter vitja vi 22. juli-plassen. Etter det fekk ungdommane litt fritid, slik at dei kunne gå og handle litt. Vi tre tilsette gjekk innom Bondens marked og kjøpte oss burger, kjøttkake på gaffel og svele.

Laurdagskvelden skyssa sjåføren oss til Tyholtårnet der vi var på Egon og åt middag. Ei triveleg avslutning på ein lang dag.



Konfirmantar i Nidarosdomen

Sundag, etter ein god frukost, gjekk vi til Nidarosdomen for å vera med på messe. Der hadde fem av konfirmantane våre fått oppgåver i messa, Edrikka Mundhjeld, Helene Sveen Aukrust, Aslaug Vestad, Aurora Dagsgard-Marstein og Torbjørn Moen Helland. Vi var nokså stolte når dei kom gåande inn i Nidarosdomen i prosesjon saman med konfirmantar frå soknet der, tekstlesarar, prest og andre som skulle hjelpe til under messa.

Då messa var slutt hadde vi litt tid før omvisinga. Vi gjekk bortom den katolske kyrkja, der det mellom anna er ein liten triveleg bokhandel.

Turen heim gjekk fint, sjølv med litt glatt føre over Dovrefjell. Ein vellykka tur, med særskilde trivelege ungdommar! Takk for turen!



4-årsbok

Tradisjonen tru inviterte vi også i år alle 4-åringane i kyrkjelydane våre til å få si eiga kyrkjebok.


Kyrkjeboka har 50-årsjubileum i år og er eit av dei eldste og mest innarbeide trusopplæringstiltaka i kyrkja i Noreg. Boka inneheld mange små forteljingar frå Bibelen, eit utval salmar for dei minste og fleire teikneseriehistorier med humor og fargar.

Det var som vanleg god oppslutning. På messa var det også barnedåp og nattverd med utdeling av nattverdsbollar som 5-åringane hadda baka dagen før. Skulle nokon som ikkje hadde anledning til å kome i kyrkja denne dagen allikevel ynskje boka kan ein vende seg til kyrkjekontoret. Velkomen neste år til dei som er tre år no.

Bollar i lange baner

Ein av dei trivelegaste dagane i året i trusopplæringa i Lom er bakedagen. Då inviterer vi alle 5-åringane til å vera med og både bake og smake i det praktiske kyrkjelydshuset vårt. Vi var i år ein liten men fin gjeng som gjekk i gang med bakst av ymse slag.

Når det var tid for å setje seg til bords for å smake på det vi hadde laga var det produsert både lomper, rundstykker og eplekake. I tillegg laga vi egne nattverdsbollar til bruk under nattverda på gudstenesta dagen etter. Vi song også fleire sanger i lag og laga fleire fine teikningar. Hans prest kom innom og fortalde om både dei rare kleda til presten og kva nattverd er for noko. Terje Blakarstugun stilte som vanleg opp ved baksthella. Stor takk til han.



Barneklangen



Etter fleire års pause, starta Barneklangen opp att i fjor. Da var det eit lite nett kor med 4 deltakarar. I skrivande stund er dei heile 14 stykker. 13 jenter og ein gut. Aldersspennet er frå 1. -6. klasse.

Kyrkjelydssekretæren titta innom på øving tysdagseftan 1. november. Då sat dei til bords enda, og kosa seg med mat. Etter maten song dei eit "takk for maten-vers". Så var det tid for litt leik. Dei hadde

ordstafett rundt bordet. Sina Holø Husom er med iblant som friviljug. Ho sende i veg ordet "Lom stavkyrkje", men innan ordet kom attende til henne hadde det vorte til "lama-stol-lilje." Det vart litt skratt over korleis eit ord kan endre seg etter ei runde rundt bordet.

Så var det tid for øving på julesongar, og ungane benka seg med songmappa si i ein halvmåne, fint å sjå at dei eldste hjelp dei minste i ymse samanheng. Dei song så fint at kyrkjelydssekretæren vart reint rørt. Så eg vil på det varmaste oppmode til å koma på ljosmessa i Lomskyrkja 1. sundag i advent. Der skal Barneklangen framføre to songar. Elles håpar vi at Barneklangen vert å høyre fleire gonger.

Tjærebreiing av Lomskyrkja



Litt om milebrenning

Remi Aamodt har brukt over eit år på å lage 600 liter tjære til Lomskyrkja. Han murar ein sirkelforma grunnmur for hand som måler 1 meter over bakkenivå og 10 meter i diameter. Denne blir forseгла med ei mura plate. Før brukte dei eit lokk som var laga av leire. Det blir lagt lekter og papp i botnen av mila. Deretter stablar han 150 år gamle tørka fururøter i sirklar frå midten og utover. Stabelen dannar ei halvkule i høgda og blir tekt med torv. Deretter tenner han på veden slik at han blir liggjande i ein ulmande glohaug. Det blir lagt eit røyr frå mila som tjæra kan renne ut i.



Lokalkyrkja består

Den lokale råderetten i kyrkja har vore truga. Men nå har kyrkja vedteke at makta til sokneråda skal styrkast, ikkje svekkjast.

Av sokneprest Hans J. Sagrusten

I fjor haust stod den lokale råderetten i kyrkja på spel. Det vart lagt fram eit forslag som ville ha fått store konsekvensar dersom det hadde gått gjennom. Forslaget innebar at det kyrkjelege fellesrådet i kommunen ville bli nedlagt, og ansvaret for både tilsette og bygningar bli lagt til eit nytt prostifellesråd.

For vår del ville forslaget ha innebore at eit felles råd for heile prostiet skulle ta hand om kyrkjelege saker i Nord-Gudbrandsdalen. Det skulle ha representantar frå heile Norddalen, og skulle ha heile 16 sokn og 19 kyrkjer å ta seg av.

Slakt

Forslaget møtte sterk motstand over heile landet. Responsen har vorte omtala som «slakt», og forslaget vart lagt til sides. I haust vart eit nytt forslag vedteke under kyrkjemøtet. Vedtaket blir karakterisert som eit kompromiss der ein freistar å sameine to viktige omsyn: at alle som arbeider i kyrkja skal vera tilsette på same nivå, og at ein skal klare å ta vare på den lokale råderetten.

I dag er prestane tilsette i bispedømmet, medan alle dei andre i staben er tilsette i det lokale fellesrådet. Dette har somme stader skapt spenningar, og ein har sett det som ein stor fordel at alle har same arbeidsgjevar. Dette har ein valt å løyse ved å delegere arbeidsgjevaransvaret til fellesråda i kommunane.

Felles arbeidsgjevaransvar

I framtida skal difor prestane framleis vera tilsette i kyrkja sentralt, men ein vil delegere den daglege utøvinga av arbeidsgjevaransvaret til det lokale fellesrådet. Det vil seia at både prest og organist, trusopplærar og kyrkjetenar skal få behandla sine store og små spørsmål på same stad, i fellesrådet.

Dette vil gjera det lettare å samle seg om felles planar og tiltak. Vedtaket seier at det lokale soknerådet skal få større makt til å leggje planar, og alle som arbeider i soknet skal i større grad enn før vera forplikta på planane som rådet legg.

I Lom samarbeider dei tre sokneråda for det meste i Lom kyrkjelege råd. Hå oss blir det difor dette fellesrådet som legg planane for alt kyrkjeleg arbeid i Lom, Garmo og Bøverdalen. At rådet nå får styrkt makta si i kyrkja, burde få fleire til å stille som kandidatar til rådet og vera med i dette interessante arbeidet.

Eit gledeleg vedtak

Dette er eit gledeleg vedtak for kyrkja i våre store og små lokalsamfunn. Det skal framleis vera kort veg til det lokale kyrkjekontoret, og ein skal framleis møte den lokale staben når ein vender seg til kyrkjekontoret i sorg og i glede. Vi kan trygt seia at det er lokalkyrkja som er berga med vedtaket i haust.

Vedtaket har mange viktige underpunkt. Eit av dei seier at ingen fellesråd skal tvingast til å slå seg saman. Der fellesråda ynskjer å samarbeide, vil ein oppmuntre dei til det, men det finst altså ikkje nokon tvang om samanslåing.

Inga endring på lang tid

Vedtaket som vart gjort i haust, er eit såkalla prinsippvedtak. Alle detaljar er ikkje utarbeidde enno, og desse detaljane skal ein arbeide vidare med. Difor kjem det til å gå lang tid før det skjer endringar i den kyrkjelege organiseringa. Men nå er grunnlaget lagt: Det lokale fellesrådet består, den lokale råderetten består, og det er sett ein stoppar for planane om sentralisering i kyrkja.

Kyrkjevalet 2023

Kva slags kyrkje vil du ha?
Du kan påverke!



I 2023 skal vi velje nye sokneråd og nytt bispedømmeråd. Som medlem i rådet vil du ha innverknad på dei lokal oppgåvene og utfordringane i kyrkja di.

Soknerådet leier kyrkja der du bur. Oppgåvene er varierte innan tema som miljø og rettferd, musikk og gudstenester, barne- og ungdomsarbeid, jus og forvaltning m.v. Gjennom arbeidet i rådet kan du bruke talenta dine, bli kjend i nærmiljøet, legge til rette for kyrkja som kulturarena eller møteplass for barn og unge. Moglegheitene er mange.

Still til val, eller oppmod nokon du kjenner til å stilla.
Ta kontakt med kyrkjekontoret innan 1. februar.
Du finn meir informasjon om kyrkjevalet her: www.kyrkja.no/valg

FN-dagen



Sundag 30. oktober deltok veteranar frå Gudbrandsdal FN-veteranforeining under messa i Loms kyrkje. Dei stod æresvakt ved inngangen og bar flagga inn i kyrkja under inngangsprosesjonen.

Veteranforeininga driv eit viktig freds- og veteranarbeid. Kameratskapet er viktig i foreininga, særleg for dei som slit etter å ha vore med i internasjonale operasjonar, mellom anna på Gaza, i Libanon, på Balkan og i Afghanistan.

Fred på jorda

Her eg sit og skriv har eg akkurat starta dei siste vekene som biskop. Eg vil nytte høvet til å takke for alle møtepunkt rundt om i Hamar bispedømme. Eg ser for meg mange andlet og ber med meg mange varme handtrykk frå ulike situasjonar. Hjarteleg takk og alt godt vidare!

Fred på jorda!

Vi lengtar etter nettopp det som den store hæren frå himmelen song den fyrste julenatta:

«Ære til Gud i det høgste
Og fred på jorda
blant menneske som Gud har glede i.»



Foto: Liv Torhild Braathen

Vi er i ei tid prega av uro over den spente krigssituasjonen i Europa og vi er uvisse om kva som vil skje vidare. Eg kjenner at orda frå engelen; «Ver ikkje redde» og englekoret som syng og ber om fred på jord, set ord på eit ønske, ein draum og eit håp. Det inspirerer til å tru på og arbeide for rettferd og fred. Songen på Betlehemsmarkene viser vegen til Gud i krubba. Det evige strøymde inn i same augneblink som barnet vart fødd. Og Jesu fødsel set i gang ei rørsle som aldri har stana. Barnet som vart fødd, er eit håp og ein kjærleik. Dette vil alle som har halde eit lite nyfødd menneske i hendene kunne kjenne. Det er nært og stort, vakkert og meningsmetta. Våre røymsler blir sett i eit svimlande perspektiv i møte med fødselen i Betlehem og songen frå englane. Det lyfter alle nyfødde barn opp mot himmelen og inviterer til å gjera det verkeleg; håpet, draumen og bønna om fred på jord. Jesusbarnet er ein liten knopp som er sprengfull av håp, også i dag. Med juleevangeliet si grensesprengande kraft opnast livets kjelder og framtidshåp for alle menneske, og Kristi kjærlege ljøs held oss fast i framtid og håp, for livet her og for all æve.

Velsigna julehøgtid!
Solveig Fiske

¹ I opphavet var Ordet,
Ordet var hos Gud,
og Ordet var Gud.

² Han var i opphavet hos Gud.

³ Alt vart til ved han,
og utan han vart ikkje noko til.

⁴ Det som vart til
i han, var liv,
og livet var lyset for menneska.

⁵ Lyset skin i mørkret,
og mørkret har ikkje overvunne
det.

⁶ Eit menneske stod fram,
utsendt av Gud;
namnet hans var Johannes.

⁷ Han kom for å vitna.
Han skulle vitna om lyset,
så alle kunne koma til tru ved
han.

⁸ Han sjølv var ikkje lyset,
men han skulle vitna om lyset.

⁹ Det sanne lyset,
som lyser for kvart menneske,
kom no til verda.

¹⁰ Han var i verda,
og verda vart til ved han,
og verda kjende han ikkje.

¹¹ Han kom til sitt eige,
og hans eigne tok ikkje imot han.

¹² Men alle som tok imot han,
dei gav han rett til å bli Guds
born,
dei som trur på namnet hans.

¹³ Dei er ikkje fødde av kjøt og
blod,
ikkje av menneskevilje
og ikkje av manns vilje,
men av Gud.

¹⁴ Og Ordet vart menneske
og tok bustad mellom oss.
Og vi såg hans herlegdom,
ein herlegdom som den
einborne Sonen
har frå Far sin,
full av nåde og sanning.

Hels på den nye kyrkjetenaren vår!



Kven er du Odd Gunnar Bergli?

Eg er 55 år, har ein son, er gift med Gerd Kari Moen og bur i Kollagrenda. Eg har 45 sau på vinterforing, er utdanna møbelsnekkar og har arbeidd 10 år i Posten. Mange vil kanskje hugse meg som omkjøyrande postbod i bygdene.

Kvifor søkte du jobben som kyrkjetenar?

Eg likar praktisk arbeid, er interessert i gamle ting, gamle bygg og tradisjonar. Eg vil vera med og halde det pent i og rundt kyrkjene våre. Det handlar om menneskeverd. Det er vel ingen som har så fine kyrkjegardar som vi?

Har du ein hobby du vil dele med oss?

Eg likar godt å drive med treskjæring, mest for min eigen del, der eg føler at eg får brukt kompetansa mi som møbelsnekkar. Eg gjekk i lære hjå og arbeidde i hop med Asbjørn Trollaldalen som hadde snekkarverkstad i Lia i si tid.

Vi er glade for å ha Odd Gunnar med på laget, velkomen skal du vera!

Kyrjekaffe 2. oktober

Den 2. oktober hadde vi kyrjekaffe i Lom kyrkjelydhus der vi fekk høve til å takke Terje Blakarstugun for 45 år i tenesta som kyrkjetenar. Både Åge Mundal, Synnøve Sakura Heggem og Hans Sagrusten helsa Terje med varme ord frå dei åra dei har arbeidd saman med Terje. Alle i staben og i kyrkjerådet vil takke Terje for det flotte arbeidet han har lagt ned for kyrkjene våre. Han vil bli sakna som ein svært god kollega, og vi er glade for at han vil halde fram med friviljukt arbeid i kyrkja.



Frå venstre:

Odd Gunnar Bergli, Jonas Fjeld, Terje Blakarstugun, Ola Brenna og Torkjel Teigen.

Alle dei fem på biletet er eller har vore kyrkjetenarar i Lom og Skjåk.

Friviljugheita sitt år

I kyrkjene våre i Lom har vi mange friviljuge, som stiller opp år etter år. Dei bakar, rakar, plantar, kokkar, syng, ynskjer velkomne til kyrkja, les dagens tekst, finn juletre, køyrer brask, reparerer ymse for oss, vaskar dukar, er medlemmar i Lom kyrkjelege råd og ikkje minst bidreg til at dette bladet kjem i postkassene i Lom og rundt om i norges land.

Sit du og les dette og tenkjer at dette har vore noko for deg? Ta kontakt med kyrkjekontoret! Vi tek imot deg med opne armar!

I redaksjonen til kyrkjebladet er det heile tida friviljuge medlemmar. No er det Anne Sulheim og Runa Smedsmo som bidreg til at dette bladet vert realisert. Anne har tidlegare vore medlem i Lom kyrkjelege råd, og er framleis tekstlesar i kyrkjene våre. Runa er medlem i rådet som sit fram til neste haust. Ho møter ein i døra til kyrkjene våre som kyrkjevert. Tusen takk for arbeidet dykk gjer!



Terje Blakarstugun, Sølvi Nilsen, Bjørg Øyøygard og Randi Glimsdal Bakke.

Medlemmar frå Barneklangen: Silje, Erna, Marita og Celine.

Bilete er teke på "Gamelbanken" i samband med vårfesten i kyrkja 2014.

Intervju med to friviljuge



Randi

Kva bidreg du med som friviljug i kyrkjene i Lom?

Eg har vore med som friviljug på ulike måtar i mange år. Det starta vel med at eg vart med på sundagsskulearbeidet i Bøverdalen saman med Morten Saltvik.

Deretter vart det aktivitetssklubben, som sidan utvikla seg til Lom Barneklang. Eg har elles vore med i redaksjonsgruppa for kyrkjebladet, og eg har vore

med som tekstlesar og kyrkjevert sidan denne ordninga starta.

Kvifor har du sagt ja til å vera friviljug?

Det er vel Barneklangen som er "hjardebarnet" mitt når det gjeld det friviljuge arbeidet, og eg er så glad for at vi fekk starta opp att i fjor etter fleire år utan aktivitet. I tillegg er eg framleis med som kyrkjevert og av og til tekstlesar. Eg står også på "forsongarliste" til messene.

Kva gjev det deg å være friviljug hjå oss?

Eg synest det å vere med som friviljug er både viktig og gjevande. Det kyrkjelege arbeidet inneheld så mange ulike oppgåver, og ting gjer seg ikkje sjølv. Det er fint å kunne bidra der ein har høve og kjenne at ein er ein del av eit godt arbeidslag.

Det å få vere med og drive Barneklagen er utruleg triveleg og artig. Vi ser at dette er eit tilbod som verkeleg betyr noko for borna. Vi får stadig attendemeldingar på at dei gler seg til øvingane, og dei er verkeleg både ivrige og songglade. Samtidig er det så fint at kyrkja blir ein naturleg "arena" for borna.



Sølvi

Kva bidreg du med som friviljug i kyrkjene i Lom?

Eg bidreg med å ordne mat til Barneklagen i kyrkjelydshuset.

Kvifor har du sagt ja til å vera friviljug?

Fint at ein er til nytte og kan hjelpe andre

Kva gjev det deg å være friviljug hjå oss?

At ein har noko å gå til, og kan føle seg meire tilfreds.

Julehelsing frå Lom kyrkjelege råd

No er det adventstid og nytt kyrkjeår og snart går vi inn i eit nytt år også. Ein stor takk til alle som har vore med oss gjennom året.

Fyrst og fremst til presten vår, Hans og familien hans, vi er glade for at dykk kom til oss. Takk til dykk som er tilsette i kyrkja, heile staben gjer eit stort og godt arbeid for oss alle.

Takk til alle som har vore med gjennom året som hjelparar ved messer på ymse vis.

Og ikkje minst, takk til alle som har vore i kyrkjene på messer og ved andre arrangement og til dei som har fylgd oss på nettet.

I denne tida framover er det mykje som skjer i kyrkjene våre, og vi ynskjer alle vel møtt og velkomne.

I ei uroleg verd og ei uroleg tid, er vi heldige som bur på ein trygg og god plass. Vi ynskjer kvar og ein ei god adventstid, ei god og fredeleg Jul og eit godt nytt år.

Lom kyrkjelege Råd
Bente Sulheim Ovesen



Heim og ætt

Døyppte:

Lom:

02.10 Live Lund Blæsterdalen
02.10 Ida Skaugerud Frøise
02.10 Sigvald Rusten
30.10 Emma Barkenæs Eggen
30.10 Jo Borgen Krøkje
06.11 Thea Mork



Jordfesta:

Lom:

25.10 Åse Volden f.1944
28.10 Klara Sveine f. 1929



Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. Ein gong i året vil de finna giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set og stor pris på at mange utanbygdes buande abonnerer på bladet. Dette året har vi hatt nær 30 adresser på abonnentlista, og vi tek gjerne imot fleire. Kanskje eit gåvetips? Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side to. Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og får ikkje sendt ut bladet.

Det er fleire som har kome med attendemelding om at dei ikkje får kyrkjebladet i postkassa. Vi har varsla distributøren av bladet, og håpar dette rettar seg.

Blomefondet

Frå 1. desember vil det ikkje stå telefonnummer til Lom og Skjåk Sparebank i gravferdsannonsane. Heretter vil det stå eit kontonummer og eit vippsnummer som du kan bruke. Banken tek imot omtrent 5000 telefonar i året for innbetaling til Blomefondet, og treng å redusere talet på desse.

Dersom du treng hjelp til å overføre pengegåver ved gravferder, kan du likevel ta kontakt med banken. Listene vil bli lagt ut i banken som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan klokka 11.00 gravferdsdagen. Skriv i merknadsfeltet kven som overfører beløpet dersom du vil at namnet ditt skal kome på gåvelista til dei etterlatte. Kontonummer og vipps-nummer vil altså stå i kvar dødsannonse.

vipps

Lom kyrkjekommune på Vipps:

Ofring ved messer: 132954
Blomefondet: 533520

Juleebangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der saman med Maria, som han var trulova med. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for dei fann ikkje husrom nokon stad.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på markene og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,

og fred på jorda

blant menneske som Gud har glede i!»

Då englane hadde fare tilbake til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende tilbake. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

(Luk. 2.1-20)

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

Sundag 27. november

LOM KYRKJE kl. 15:00 Ljosmesse med utdeling av kalender til 3-åringane. Konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing.

Offer til Familievernkontoret.

Etter messa vert det fakkeltog med gløgg og pepperkaker i kyrkjelydshuset.

GARMO KYRKJE KL. 19:00 Ljosmesse, konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing. Offer til familievernkontoret.

Sundag 04. desember

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00 Ljosmesse, konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing. Offer til trusopplæringa. Etter messa vert det fakkeltog og kyrkjekaffe i regi av Bygdalaget.

Sundag 18.12.

LOM KYRKJE kl. 19:00 Musikkmesse med Lomsklangen.

Laurdag 24.12.

LOM HELSEHEIM kl. 10:30. Juleftasmesse

Laurdag 24.12. Juleaftan

LOM KYRKJE kl. 15:00. Familiegudsteneste. Offer til Kirkens bymisjon.

Sundag 25.12. 1. juledag

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Juledagsmesse.

Offer til Kirkens SOS

GARMO KYRKJE kl. 14:00. Juledagsmesse. Offer til Kirkens SOS

Laurdag 31.12. Nyårsaftan

LOM KYRKJE kl. 23:00. Midnattsmesse.

Messeplan for 2023 er dessverre ikkje bestemt enda. Fylg med i Fjuken og på Facebook.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no, på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.no> - eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune.

Ljosmesser med fakkeltog

Lomskyrkja 1. sundag i advent, 27. november kl. 15:00

Konfirmantane deltek i messa med ljostenning og tekstlesing. I tillegg vil Barneklangen koma og syngje, og det vert utdeling av kalenderbok til 3-åringane.

Etter messa vert det fakkeltog rundt gamle Loar, kanskje innom prestegarden. Når du les dette bladet, er nok programmet spikra, og delt på facebook og i Fjuk-annonsen vår. Det vert i alle fall avslutning i kyrkjelydshuset med gløgg og pepperkaker.

Bøverdals kyrkje 2. sundag i advent, 04. desember kl. 19:00

Konfirmantane deltek i messa med ljostenning og tekstlesing.

Etter messa vert det fakkeltog til Boomerstugu, der Bygdalaget serverer kyrkjekaffe.

Juletrefest 4. juledag i Garmo

Lom kyrkjelege råd ynskjer velkomen til juletrefest i Garmo bygdahus onsdag 28. desember kl. 18.00. Dette er ein fest for alle i bygda, og julegjestar er sjølvst og hjarteleg velkomne! Det vert loddosal og servering. Gonge kring juletreet.

Skyss til messer

Treng du, eller nokon du kjenner skyss til messer? Vi vil organisere skyss frå kyrkjekontoret dersom du ringer oss. Telefon 48165527.

GAVER SOM FORANDRER VERDEN

Vi har gaver til alle anledninger! Velg noe fra vår nettbutikk som passer mottakeren av gavekortet og ditt gavebudsjett. Inntektene skaper forandring for mennesker i nød!

SYMBOLSKE GAVER:



GEIT
kr 250



EN GOD START
kr 300



RENT VANN
kr 250



FRED
kr 350



NÆRINGSRIK MAT
kr 120


FYSISKE GAVER:



SOMMERFUGLEN ARMBÅND
kr 250



SOMMERFUGLEN HALSKJEDE
kr 1090



MAMMAHJERTET
fra kr 1490



VANDRÅPEN ARMBÅND
kr 950



VANDRÅPEN ØREDOBBER
kr 950



MATBOKS
kr 370



DRIKKEFLASKE
kr 400

Du finner disse og flere gaver i vår nettbutikk
www.gaversomforanderverden.no

 **KIRKENS NØDHJELP**
actalliance

Jul i Lom

Freitag 25. november

Barnekvinnokveld i Utgard

16:30 Teddybjørnens jul

18:00 Tre nøtter til Askepott

Laurdag 26. november

17:00 Fakkeltog frå Lom helseheim

med påfølgjande juletrætenning.

Lom frivilljugesentral serverar

gløgg og pepparkaker.

Sundag 27. november

15:00 Ljøsmesse i Lom kyrkje.

Freitag 2. - 4. desember

Handelshelg i Lom med

sundagssopne butikkar.

Laurdag 3. desember

11:00 Julemarknad ved Prestfossen

13. des

07. des

25. nov

25. nov

25. nov

Kl. 18:00 – Pus med støvler

Kl. 19:30 – “Før jeg glemmer at jeg elsker deg, jeg elsker deg”

Kl. 20:00 – Black Panther: Wakanda Forever

Kl. 18:00 – Tre nøtter til Askepott

Kl. 16:30 – Teddybjørnens jul

UTGARD

Dette skjer i



Blå Kors

En jul å

glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte. Blå Kors hjelper barn, voksne og familier som har det vanskelig.

Din støtte kan gi "Ida" en tryggere jul!



Giverkonto
Gi din gave på VIPPS 13130
3201 52 74165 Scan QR-koden her:

billetter og meir informasjon: www.lom.no

Eigenberedskap



Dersom strømmen blir av v ret i fleire dagar, b r du vere rusta til   klare deg sj lv i minst tre d gn.

Dei fleste av oss er heilt avhengig av straum i kvardagen, til oppvarming, lys, matlagning, varmtvann og elektriske apparat.

Uv r, naturhendingar, sabotasje, tekniske problem, terror eller kr gshandlingar kan f re til at mange mister til d mes straum eller v rn, og at det kan bli vanskelegare   f  tak i naudsynte varer. Sjansen er kanskje ikkje s  stor, men det kan skje. Da b r du vere f rebudd.

Med eit lite reservelager av det du er mest avhengig av - v rn, mat, medisinar og varmekjelder - er du betre rusta for   klare deg sj lv nokre dagar.

- Eksempel p  beredskapslager:**
- ☐ 9 liter v rn per person
 - ☐ to p kker knekkebr d per person
 - ☐ ei p kke havregryn per person
 - ☐ tre b ksar middagshermetik  eller tre posart rrmat per person
 - ☐ tre b ksar p legg med lang haldbarheit per person
 - ☐ nokre posar t rka frukt eller n tter, kjeks og sjokolade
 - ☐ medisinar du er avhengig av
 - ☐ ved-, gass- eller parafinovn til oppvarming
 - ☐ grill eller kokeapparat som g r p  gass
 - ☐ stearinlj s, lommelykt med batteri eller parafinlampe
 - ☐ fyrstikker eller lighter
 - ☐ varme klede, p dd og sovepose
 - ☐ fyrstehjelpsp kke
 - ☐ batteridreven DAB-radio
 - ☐ batteri, l dd batteribank og mobil ladar til bilen
 - ☐ v tserviettar og desinfeksjonsmiddel
 - ☐ t rke- /toalettpapir
 - ☐ litt kontantar
 - ☐ ekstra drivstoff og ved/gass/
 - ☐ j dablettar ved atomhendingar om du er under 40  r, gravid, ammande eller har barn som bur heime.

Sankthans på Maihaugen 23. juni 2022

I 2022 var det Lom sin tur til å ha underhaldninga under sankthansfeiringa på Maihaugen. Omlag 50 aktørar frå Lom deltok, og bidrog med det til å vise fram Lom frå si aller beste side.

Liv og røre på tunet og utescena

Rundt ikring i anlegget på Maihaugen bidrog lomverar med aktivitetar og opplevingar. Mellom anna demonstrasjon av bakst, handverk, handarbeid, smiing, trimming og snurrufangst. Særskilt på garden Meviken (for mange betre kjent som Nordre Viken) var det liv og røre. I gamle Garmo kyrkje hadde sokneprest Hans J. Sagrusten messe.

På utescena var det fullt program. Jeanette Schakenda opna det heile med fanfare på lur. Deretter kom aktørar på løpande band: Erik Gjello og Vegard Moshagen, Eldri Volden Mundhjeld og Martine Horten (song), Sigmund Bråtet og Merete Byrøygard (deklamering av dikt), Mathias Olsen (torader), Lomsklangan. Kjartan Haugen Foss, Erik Grøna og Ragnhild Grøna (felle og torader) og Vegard Hosarøygard (gitar).

Baltemning

Kl. 21:00 var det baltemning. Trygve Hesthagen rodde og Vegard Hosarøygard tendte bålet. Erik Gjello spelte og bidrog til at det vart ei heilt spesielt fin stund.

Etterpå spelte Kjartan Haugen Foss, Erik Grøna og Ragnhild Grøna opp til dans.

Takki

Kjære aktørar som var med til Maihaugen: TUSEN TAKKI! Vi er audmjuke over at så mange tok seg tid til å bli med. Kvar og ein av dykk bidrog til at dette vart ein dag Lom kan vere stolte av.

Under ser du nokre glimt frå sankthansfeiringa. Sjå fleire bilete på www.lom.kommune.no - skriv inn *bilete sankthans* i søkefeltet så kjem det opp ein artikkel ("Sjå bilete frå Sankthansfeiringa på Maihaugen").



Opningstider i jula (26.-30. desember)

Lom legekontor		Utøym opningstid ring legevakt tlf. 116 117.	
Måndag	10:00-14:00	Måndag	10:00-14:00
Tysdag	10:00-14:00	Tysdag	10:00-14:00
Onsdag	10:00-14:00	Onsdag	10:00-14:00
Torsdag	10:00-14:00	Torsdag	10:00-14:00
Fredag	10:00-14:00	Fredag	10:00-14:00
Serviceetorg/sentralbord			
Måndag	10:00-14:00	Måndag	10:00-14:00
Tysdag	10:00-14:00	Tysdag	10:00-14:00
Onsdag	10:00-14:00	Onsdag	10:00-14:00
Torsdag	10:00-14:00	Torsdag	10:00-14:00
Fredag	10:00-14:00	Fredag	10:00-14:00
Lom folkebibliotek			
Måndag	stengt	Måndag	stengt
Tysdag	stengt	Tysdag	stengt
Onsdag	10:00-14:00	Onsdag	10:00-14:00
Torsdag	10:00-14:00	Torsdag	10:00-14:00
Fredag	10:00-14:00	Fredag	10:00-14:00

Lom kommune informerer

Opprusting av bussterminalen

I 2020 godkjende formannskapet planane for opprusting av eksisterande bussterminal i Lom, og i oktober starta byggearbeidet i regi av Statens vegvesen. Hovudmålet med tiltaket er å skape eit betre mellom parkering og bussterminal, og etablere ventekområde for busspassasjerar mot Bøvre.

Kollektivterminalen vil bli universelt utforma, og det vil bli bygd mellom anna sykkelparkering, handikapparkering, busskur og plattform for buss langs elva. Det vil og bli ny lysgjeving og ny oppmerking av plassar. Langtidsparkering for buss er permanent flytta til Stupulvegen.

Arbeidet vil bli utført av Stian Brenden Maskinservice, og er estimert til å ta mellom 4-6 veker. I mellomtida er bussterminalen flytta til Kyrkjevollen, og parkeringa er stengt så lenge arbeidet pågår.

Tilrettelegging i Presthaugen

Du har kanskje sett at det har vore graving i Presthaugen i haust? Gruenen er at det skal bli ny brannsikring og innbrotsalarmer, samt opprusting av gangstigen.

Gangstigen blir utvida, flata ut og diskre lyssatt. Dette for å gjere det enklare å ta seg fram gjennom Presthaugen. Stigninga opp frå eldhuset er for bratt til at stigen blir rekna som universelt utforma, men det blir betre enn det var.


Bakgrunnen for opprustinga av gangstigen er ein forstudie av Funkibator, på vegne av Lom nasjonalpark-landsby. Føremålet var å sjå på korleis Fossbergom kan bli meir tilrettelagt for ulike brukargrupper.

Det er Gudbrandsdalsmusea som står som formell søker, i tett samarbeid med Lom kommune og Lom heimbygdslag. Proel AS og Garma Maskin gjennomfører arbeidet. Kulturavv hjå Innlandet fylkeskommune har også vore involvert i prosessen, og Lom kommune har behandla dispensasjonssøknad.

Både Norsk Kulturråd, stiftinga UNI, Gudbrandsdalsmusea, Lom kommune og Miljødirektoratet (Naturarven som verdiskapar) er med på finansieringssida. Tiltaket har eit budsjett over ein million kroner, og er tenkt gjennomført i løpet av 2022.



Bilete t.v.
Geir Arne Hageland i
Funkibator på
synfaring i Lom.
Bilete t.h.
Kartutsnitt av
gangstigen gjennom
Presthaugen.



Lomsnytt

Informasjon fra Lom kommune - nr. 4/2022



Telefon: 61 21 73 00
post@lom.kommune.no
lom.kommune.no

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 61 21 73 00